

KVINNHERAD KOMMUNE  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDALDato: 22.02.2017  
Vår ref.: 2017/1392-2  
Saksbehandlar: Iarbirik  
Dykkar ref.:

Att. Tore Eik

## Søknad om planering - fylling - Guddal gnr/ bnr - 93/ 6 - Kvinnherad - Varsel om synfaring

Viser til søknad om planering og utfylling datert 13.02.2017. Hordaland fylkeskommune, ved Fylkeskonservatoren, har vurdert saka som regional sektorstyremakt innan kulturminnevern.

I fylgje våre arkiv er det kjent funn frå både Guddal og Naterstad. På garden Guddal, gnr. 93, har det vore kapell/kyrkjestad i mellomalderen og det er kjent ein gravhaug, id. 16224, knappe 100 meter SSA for tunet på bnr. 2. På Naterstad, på gnr. 94 bnr. 2, er det kjent funn av minst to gravleggingar, id. 94623, der den eine er «Klungerhaugen», med ei grav frå merovingertid (ca. 600-750) og ei båtgrav ikkje nærare datert enn yngre jernalder (ca. 600-1030). Desse funna ligg eit godt stykke lenger inne i dalen enn områda som er omsøkt planert og utfylt, men det viser at det er potensial for funn av fornminne som tiltaka kan komma i konflikt med. Dette gjeld truleg spesielt område nummerert som 3 og 4 i søknaden. Område 1 og 2 ligg forholdsvis lågt i høve til elva og har truleg ikkje same potensial med omsyn til funn av automatisk freda kulturminne.

Etter ei vurdering av dei omsøkte areala, som til saman utgjer om lag 40 mål, grovt rekna, finn vi det difor nødvendig å gjennomføre ei synfaring før vi kan gje fråsegn til søknaden, for å vurdere om tiltaka kjem i konflikt med hittil ikkje registrerte kulturminne. Ved synfaringa vil ein ta stilling til om det er naudsynt med ei vidare arkeologisk registrering for å få oppfylt undersøkingsplikta etter § 9 i kulturminnelova. Synfaringa vil verta gjort så raskt som råd er.

Med helsing

David J. Aasen Sandved  
kst. fylkeskonservatorLars Øyvind Birkenes  
Seniorrådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*